

Svein Monstad
Vatne
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/332 - 15/1917

Saksbehandlar:
Nils Kaalaas
NIK@lindas.kommune.no

Dato:
29.01.2015

Fråsegn om drift gbnr 170/6 Vatne i Lindås

Svein Monstad har ein besetning med sau med driftssenter gnr 170 bnr 6 Vatne i Lindås der det står ein eldre driftsbygning som han leiger hjå broren sin. Arealet på denne eigedomen er på ca 25 dekar fulldyrka jord og ca 6 dekar overflatedyrka og gjødsla beite. Monstad har i lengre tid hatt eige produksjonsnummer og leverer slakt ut frå denne eigedomen, men han har ikkje søkt om produksjonstilskot i jordbruket.

Svein Monstad var tidleg i haust i kontakt med meg angående kva som måtte til for å få produksjonstilskot i jordbruket og eg rådde han til å få oppretta eit føretak med organisasjonsnummer. Monstad møtte opp tidleg i januar og fylte ut søknadsskjema for «Produksjonstilskot i jordbruket». Ut frå denne søknadsomgangen dvs i 2014 så har han levert 18 lammeslakt som er klassifisert som O og betre og det er 19 vaksne sauer og 8 sauer under 1 år ved årsskifte. Ut frå areal og produksjon vil føretaket til Monstad motta produksjonstilskot som då kjem i tillegg til det som vil koma frå leverte slakt.

Mi vurdering er då, at Monstad si drift av bnr 6 vil gje eit økonomisk overskot, samstundes med at jord og bygning vert halde i hevd.

Med helsing

Nils Kaalaas
fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:
Svein Monstad

Vatne

5912

SEIM